

Fellingsprosenten litt ned også i Uskedalen

21.01.2011



Kjell Rusten jakta hjort på Skorpo i haust. (Foto: Kristian Olav Bringedal)

Kvinnherad, landets største hjortekommune, har sett ny fellingsrekord med 1243 felte dyr og ein

fellingsproset på 82,2.

Det var gjeve løyve til å fella 1513 og det vart sist haust felt 59 fleire dyr enn i 2009 då den førre fellingsrekorden vart sett.

Fellingsprosenten gjekk litt tilbake ettersom den har lege rundt 86 dei siste åra.



Svein Ottar Rørheim er ein av de ivrige hjortejegarane i dalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I Uskedalen vart det gjeve løyve til å fella 149 hjortar sist haust og resultatet vart 117 felte dyr eller ein fellingsprosent som låg tett oppunder 80. Det var ein viss tilbakegang frå året før då prosenten i vår dal var vel 85 etter felling av 119 dyr.

Statistikken fortel om store interne variasjonar på våre kantar når det gjeld jaktutbyte.

I Haugland-valdet med ein fellingsprosent på over 100 var det berre frie dyr.

Ingen av dei andre valda i Uskedalen hadde frie dyr.

Kor store verdiar er det så som hjortejakta representerar?

Ved å bruka snittverdiar for dei ulike gruppene kjem ein opp i vel 61.000 kilo og utifrå ein kilopris på 75 kroner blir det vel 4,5 millionar!

Her er resultatet fordelt på dei einskilde valda i Uskedalen:

*Ytre Feet/Eik 10 tillatt felte, 7 felt, fellingsprosent 70

*Øvre Feet/Døssland tillatt felte 27, felt 15, fellingsprosent 55

*Fjellandsbø tillatt felte 10, felt 4, fellingsprosent 40

*Musland tillatt felte 22, felt 18, fellingsprosent 82

*Haugland tillatt felte 28, felt 29, fellingsprosent 103

*Kjærland/Myklebust/Ytre Rød tillatt felte 26, felt 24, fellingsprosent 92,

*Rød tillatt felte 9, felt 8, fellingsprosent 89

*Ljosnes tillatt felte 9, felt 5, fellingsprosent 55

*Skorpo tillatt felte 8, felt 7, fellingsprosent 87

Snittvekta viser den same tendens som dei siste åra, at dyra vert mindre, påpeikar viltforvaltar Leiv Trygve Varanes i Kvinnheringen. Det er difor viktig å ta ut mange dyr forå få opp vekta.

Snittvekta på årskollar gjekk attende frå 42 til 40 kilo medan dei unge bukkane vog 44 kilo. Dei eldre bukkane vog 75 kilo og kollene 55 kilo i gjennomsnitt.

Av Ola Matti Mathisen